

# EKSIL

KORLEIS VERE KRISTENI EI VERD  
SOM IKKJE FORSTÅR?

## Hente aksept

Les Jes 29,4-7 og Joh 17,15-19 og 24-26

Som Israelsfolket utforast òg vi som vil følgje Jesus til å leve eit liv rotfesta og konstruktivt på plassen vi bur, samtidig som den djupaste tilhørsla er til himmelen og Herren Jesus Kristus. For å leve godt i den spenningen er kjelda du hentar aksept frå, eit avgjerande område å lande.

Alle menneske er avhengig av ytre aksept for ein trygg identitet og ein god sjølvfølelse. Spørsmålet er ikkje om ein treng det, men kor og frå kven ein hentar denne. Hentar du den primært frå menneske er det utruleg vanskeleg å ta val og gjere prioriteringar som kan virke rare eller upopulære for folk rundt deg. Hentar du den djupaste aksepten frå Gud, er det langt lettare og du kan kjenne deg trygg, sjølv når andre er kritiske, ueinige eller berre ikkje forstår.

## Spørsmål til samtale

1. Ut frå teksten frå Jer: Kva blir Israelsfolket konkret bedt om å gjere?
2. Kva tenker du er største den utfordringa for Israelsfolket som både skulle involvere seg positivt i samfunnet og samtidig vere annleis?
3. Når trur du det var mest freistande å bere vere som folket dei kom til?
4. Er du einig i påstanden i første setning i andre avsnitt over? Kvifor/kvifor ikkje?
5. Kva tenker du er dei primære kjeldene folk rundt deg hentar aksept frå?
6. Kva er dine viktigaste kjelder for aksept?

## Utfordring



### Guds Ord

Les Joh. 17,24-26 igjen. Jesus vil at «dei ... skal vera hos meg der eg er» og at «kjærleiken du [Far] har hatt til meg, kan vera i dei og eg sjølv kan vera i dei». Du er inkludert i «dei». Be Gud vise kva det vil seie for deg å vere «hos Jesus» i denne sesongen av livet. Skriv ned og vel ein prioritering du vil starte med frå no.

### Leve og tene saman

Som kristne kan vi vere Guds reiskap til å kommunisere Hans kjærleik og aksept til våre med-kristne. Feks ved å minne om sanningar om kven vi er i Kristus eller ved å stadfeste områder der gjenkjenner Guds gåver. Forsøk å oppmuntre 3 med-kristne ilar den neste veka.



## Om serien

Å vere i eksil er den fortvilande opplevinga av å vere vekke frå det som var ein trygg stad å høyre til. Det er følelsen av å vere annleis og framand i miljøet du lever i, og mangle den tryggleiken og stabiliteten ein heim og ein heimstad gir.

I bortføringa frå heimlandet til eit liv i eksil i eit framandt land, kan det synast som Israelsfolket har to val: Enten skjerme og distansere seg og lage eit parallellsamfunn, eller miste sin eigenart og bli lik folket dei vart ført til. Men Gud utfordrar dei på ein tredje veg. Ein veg som inneber positiv involvering i samfunnet og samtidig utfordrar dei på å vere annleis.

Sjølv om det er relativt stor aksept for kristen tru i vesten samanlikna med andre stader i verda, er erfaringa av å vere heimanfrå likevel noko kristne i aukande grad kan kjenne på kroppen. Dette kan vere i alt frå større kulturelle forskjellar synleggjort av ting som kommentarar og livsstilsval, kampsaker og haldningar, til ei oppleving av avvising og marginalisering av det ein står for og er.

Korleis kan vi forstå oss sjølv, og leve konstruktivt i ei slik tid? Korleis kan vi ære Gud og følgje han, utan å bygge unødvendige barrierar og skape avstand til kulturen og menneska i vår tid? Korleis kan vi slå røter og vere ei positiv kraft i samfunnet, sjølv om dette ikkje er vår eigentlege heim?

# EKSIL

KORLEIS VERE KRISTEN I EI VERD  
SOM IKKJE FORSTÅR?

## Tole steiken

Les Dan 3 og Matt 5,38-48

«Den som er med på leiken, den må tole steiken» heiter det. Det kostar å vere annleis. Nokon gonger meir enn andre. Sjølv om få må møte motstand som venene til Daniel, vil ein likevel frå tid til annan kunne møte motstand som opplevast krevjande å stå i. Men kva skjer når vi våger å stå i motstanden vi møter, utan å hamne i verken forsvar- eller angrepsposisjon, men berre stå – oppreiste og audmjuke - i det?

Å stå i motstand er ein moglegheit for å erfare at Gud er trufast og at Han verkeleg kan gje tryggleik og styrke. Gjennom motstand kjem ofte ein moglegheit til òg å vise kva vi er lagd av. Det kan bryte fordommar og auke nærleiken, og opne moglegheiter til å vise kven Gud er og kva å tru på han er.

### Spørsmål til samtale

1. Kjenner du nokon du vil seie er «robust» eller «folk som toler steiken». Kva karakteriserer han/ho?
2. Les Dan 3,17-18 igjen. Kva syns du venenes svar seier om kven dei er og korleis dei stiller seg til situasjonen dei er hamna i?
3. Kva tenker du vi kristne går glipp av dersom vi styrer unna motstand frå folk og samfunn rundt oss?
4. Korleis trur du ein kan bli meir komfortabel i å leve med motstand?
5. Kva kan Gud gjere konkret i ditt liv for å auke din evne til å tole motstand?

## Utfordring

### Leve og tene saman



Nokon gonger kan det ver enkelt å trekke seg frå motstand, sjølv om det å stå i den fort kunne vore meir fruktbart. Samtal med ein kristen ven om kva settingar du freistast mest til å trekke å trekke deg, når du trur det kunne vore fruktbart å stå i det. Finn ein justering du kan gjere for å handtere motstanden og spenninga betre.

### Gjere godt



Jesus oppfordrar oss til å «vende det andre kinnet til», «elske våre fiendar» og til og med be for dei. Kven er den/dei du opplever mest motstand frå. Be for desse og be Gud vise deg konkret ein eller fleire måtar du kan gjere godt mot desse. Og gjer det.

## Om serien

Å vere i eksil er den fortvilande opplevinga av å vere vekke frå det som var ein trygg stad å høyre til. Det er følelsen av å vere annleis og framand i miljøet du lever i, og mangle den tryggleiken og stabiliteten ein heim og ein heimstad gir.

I bortføringa frå heimlandet til eit liv i eksil i eit framandt land, kan det synast som Israelsfolket har to val: Enten skjerme og distansere seg og lage eit parallellsamfunn, eller miste sin eigenart og bli lik folket dei vart ført til. Men Gud utfordrar dei på ein tredje veg. Ein veg som inneber positiv involvering i samfunnet og samtidig utfordrar dei på å vere annleis.

Sjølv om det er relativt stor aksept for kristen tru i vesten samanlikna med andre stader i verda, er erfaringa av å vere heimanfrå likevel noko kristne i aukande grad kan kjenne på kroppen. Dette kan vere i alt frå større kulturelle forskjellar synleggjort av ting som kommentarar og livsstilsval, kampsaker og haldningar, til ei oppleving av avvising og marginalisering av det ein står for og er.

Korleis kan vi forstå oss sjølv, og leve konstruktivt i ei slik tid? Korleis kan vi ære Gud og følgje han, utan å bygge unødvendige barrierar og skape avstand til kulturen og menneska i vår tid? Korleis kan vi slå røter og vere ei positiv kraft i samfunnet, sjølv om dette ikkje er vår eigentlege heim?



# EKSIL

## KORLEIS VERE KRISTEN I EI VERD SOM IKKJE FORSTÅR?

### Slå røter og velsigne

Les 1. Mos. 12,1-3, Jer 29,4-7 og 1. Tim. 2,1-4

«Like barn leiker best» heiter det. Det er typisk menneskeleg å halde seg med dei som er lik ein, mens ein held dei som er eller tenker annleis litt meir på avstand. Eller i alle fall skjuler områder der ein veit at ein er, tenker eller trur ulikt. Men Guds utfordring til Israelsfolket om å be for, involvere seg og vere ei positiv kraft i samfunnet, er òg ei utfordring til oss i dag.

Guds folk har alltid blitt velsigna, for igjen å kunne vere til velsigning. Jesu liv demonstrerer ein Gud som identifiserer seg med mennesket, som kjem nær og lever blant oss og som gir oss alt det han har. Utfordringa vår er å ikkje distansere oss, men å finne måtar å tene og velsigne både i medvind og motvind.

### Spørsmål til samtale

1. Kjenner du deg igjen i freistinga til å trekke seg unna i sosiale settingar eller samfunnslivet, når forskjellar på deg som kristen og dei andre blir særleg synleg? Kva kan ver grunnar til at kristne kan kjenne på dette?
2. Kva går ein glipp av eller mister når ein vel å trekke seg unna?
3. Kva tenker du er ting vi som kristne kanskje særleg har og kan velsigne folk og samfunn rundt oss med?
4. Korleis kan vi gå fram for å vere til velsigning utan å presse våre greier på andre?
5. Er livet ditt rigga for å vere til velsigning for dei rundt deg og samfunnet du lever i? Kva er den viktigaste justeringa du kan gjere for å i større grad kunne vere til velsigning?

### Utfordring

#### Leve og tene saman



Kor står kampen for deg om å trekke seg unna eller involvere og velsigne akkurat no? Del dette med ein eller fleire kristne søsken. Er det måtar de kan støtte kvarandre i dette? Be for kvarandre.

#### Gjere godt



Er det ein utfordring nokon rundt deg står i eller eit problem ein kan trenge hjelp til å fikse. Viss ja, kan du vere støtte eller bidra med løysing inn i dette? Ta eit initiativ. Viss nei, be Gud vise deg og ver oppmerksam på dette dei neste dagane.

### Om serien

Å vere i eksil er den fortvilande opplevinga av å vere vekke frå det som var ein trygg stad å høyre til. Det er følelsen av å vere annleis og framand i miljøet du lever i, og mangle den tryggleiken og stabiliteten ein heim og ein heimstad gir.

I bortføringa frå heimlandet til eit liv i eksil i eit framandt land, kan det synast som Israelsfolket har to val: Enten skjerme og distansere seg og lage eit parallellsamfunn, eller miste sin eigenart og bli lik folket dei vart ført til. Men Gud utfordrar dei på ein tredje veg. Ein veg som inneber positiv involvering i samfunnet og samtidig utfordrar dei på å vere annleis.

Sjølv om det er relativt stor aksept for kristen tru i vesten samanlikna med andre stader i verda, er erfaringa av å vere heimanfrå likevel noko kristne i aukande grad kan kjenne på kroppen.

Dette kan vere i alt frå større kulturelle forskjellar synleggjort av ting som kommentarar og livsstilsval, kampsaker og haldningar, til ei oppleving av avvising og marginalisering av det ein står for og er.

Korleis kan vi forstå oss sjølv, og leve konstruktivt i ei slik tid? Korleis kan vi ære Gud og følgje han, utan å bygge unødvendige barrierar og skape avstand til kulturen og menneska i vår tid? Korleis kan vi slå røter og vere ei positiv kraft i samfunnet, sjølv om dette ikkje er vår eigentlege heim?

# EKSIL

KORLEIS VERE KRISTEN I EI VERD  
SOM IKKJE FORSTÅR?

## Glimt av ei anna verd

Les Dan 6 og Matt 5,13-16

Daniel var, gjennom sine evner, sin integritet og tillit til Gud, med å vise kongen glimt av den levende Gud. Nokre hundre år seinare steig Jesus frå Nasaret fram og ropte at «Guds rike er kome nær», og demonstrerte dette ved teikn og under, gjennom nåde og sanning. Jesus sa så til disiplane: «De er lyset i verda!»

Det Jesus er og har gitt oss, er noko vi er meint å la andre få glimt av. Ikkje påtvinga, men servert. Det er X-faktoren som kan vere uvandt eller ukjend, men vekker interesse og lengslar. Det er frøet som kan forvandle, skape liv og gi håp i ein kvar situasjon og i eitkvart menneske. Paradoksalt nok er den trua som på den eine sida kan skape avstand, den same som òg kan bryte ned skilje, kople saman og lege. Vi treng å våge å vise den.

### Spørsmål til samtale

1. Kva grunnar kan du finne i teksten for at Daniel nyter respekt frå kongen?
2. Har du erfart at relasjonar har opna seg/blitt betre fordi du torde å løfte fram det du trur på? Viss ja, fortel gjerne.
3. Kva positive ting tenker du ein risikerer ved å vere tydeleg med trua?
4. Kvifor trur du mange har ei positiv haldning til trygge, frimodig kristne sjølv om ein ikkje deler trua?
5. Kva sider av trua tenker du er særleg attraktiv for din omgangskrins som endå ikkje trur så mykje?

### Utfordring

#### Gi vidare

Samtal om korleis du kan synleggjer Jesus og trua på han på ein attraktiv måte – utan å vere påtregande eller falsk – for nokre i din omgangskrins den neste veka. Husk at det må ikkje vere snakk om store ting (men kan sjølvstundt òg!). Ver vaken for moglegheitene som byr seg.

#### Tilbeding og bøn

Å vere takksam smitter. Ofte er vi alt for opptatt av det vanskelege eller det eine som manglar når vi kjem til Gud. Men all god gåve kjem frå Han (Jak. 1,17). Ta deg god tid til å takke for alt Han har gitt og gir deg. Nyt å få vere midt i straumen av nåde frå himmelen og kjenn på kor rikt velsigna du er.



## Om serien

Å vere i eksil er den fortvilande opplevinga av å vere vekke frå det som var ein trygg stad å høyre til. Det er følelsen av å vere annleis og framand i miljøet du lever i, og mangle den tryggleiken og stabiliteten ein heim og ein heimstad gir.

I bortføringa frå heimlandet til eit liv i eksil i eit framandt land, kan det synast som Israelsfolket har to val: Enten skjerme og distansere seg og lage eit parallellsamfunn, eller miste sin eigenart og bli lik folket dei vart ført til. Men Gud utfordrar dei på ein tredje veg. Ein veg som inneber positiv involvering i samfunnet og samtidig utfordrar dei på å vere annleis.

Sjølv om det er relativt stor aksept for kristen tru i vesten samanlikna med andre stader i verda, er erfaringa av å vere heimanfrå likevel noko kristne i aukande grad kan kjenne på kroppen. Dette kan vere i alt frå større kulturelle forskjellar synleggjort av ting som kommentarar og livsstilsval, kampsaker og haldningar, til ei oppleving av avvising og marginalisering av det ein står for og er.

Korleis kan vi forstå oss sjølv, og leve konstruktivt i ei slik tid? Korleis kan vi ære Gud og følgje han, utan å bygge unødvendige barrierar og skape avstand til kulturen og menneska i vår tid? Korleis kan vi slå røter og vere ei positiv kraft i samfunnet, sjølv om dette ikkje er vår eigentlege heim?